



Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo

Høyring om arbeid og omsorg.

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane har desse merknader til lovendingane som tek sikte på å betre dei yrkesaktive sine moglegheiter til å kombinere arbeid med pleie og omsorgsoppgåver.:

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane er samd med departementet om at ein bør utvida permisjon til pleie og omsorg til dei næraste pårørande. I tillegg er det viktig at utvida rett til velferdspermisjon vert vedteken.

Fylkesrådet er samd med departementet om at retten til permisjon og pleiepengar for den som pleier nær pårørande i livet sin siste fase bør utvidast frå 20 til 60 dagar.

Rådet er samd med forslaget til lovendingar bortsett frå §12 – 10 der ein ikkje er samd i at det skal ytast permisjon utan løn i 10 dagar for å yte omsorg ovafor nære pårørande. Fylkesrådet meiner at det bør ytast permisjon med løn i 10 dagar for å yte omsorg for nære pårørande. Nære pårørande sparer stat og kommune for store summar ved at dei tek på seg omsorgsoppgåver som elles det offentlege måtte ha teke ansvaret for.

Det som ikkje er teke med i høyringa, er retten til utvida ferie for foreldre/pårørande for barn med funksjonshemming under 18 år og for utviklingshemma over 18 år som går i den vidaregåande skule.

Fylkesrådet meiner at foreldre/pårørande/omsorgspersonar til barn med funksjonshemming under 18 år og for utviklingshemma som er over 18 år og som går i den vidaregåande skule har eit problem med å få kabalen til å gå opp i alle skuleferiar. Fylkesrådet meiner at departementet i tillegg til å utvida velferdspermisjon, også bør gje foreldre/pårørande/omsorgspersonar rett til ekstra ferieveker, slik at familien har høve til å vera saman i feriane.



Med helsing

Margreta Navelsaker
leiar

Britt Marie Norheim
rådgjevar

Mottakar (ar)

Arbeids- og inkluderingsdepartementet Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo

Kopi til:

Fylkesrådmannen, her

FFO Sogn og Fjordane, Fjellvegen 10, 6800 Førde

Statens råd for likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne, Pb 7075 St Olavs plass, 0130 Oslo.

Avisene/NRK